

Droneopptak under Nåso i dag



Fahil Alweni klår med dronen

Allereie klokka 7 i dag tidleg var kjendisane som kjempar om å verta landets tøffaste på beina i teltleiren på Nedre Musland. Dei skulle klatra i veggen vis a vis på den andre sida av elva og tilhøva var ideelle. Då uskedalen.no kom var teamet til TV Norge igang med noko anna spennande, montering for bruk av drone. Denne programserien vert i stor rad prega av opptak både med helikopter og drone og drone er i høgaste grad in, Men det er strenge krav, mellom anna at ein ikkje må flyga høgare enn 120 metr over bakkken og at ein heile tida må ha visuell kontakt, opplyste Fahil Alweni som,er drone-ekspert. Den neste post på programmet var opptak med programleiar Tom Stiansen og det vart gjort i den vakraste ramme ein kan tenkja seg - i den grøne enga på Døsland,



Chris Johansen frå Kristiansand var ein av fotografane som deltek i produksjonen i Uskedalen Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen



Programleiaren i det grøne på Døsland